



## Di kyrkje, ditt val

Om lag 3,1 millionar nordmenn har røysterett ved kyrkjevalet 13.–14. september i år.

Men kven skal du røyste på?  
Kanskje svaret er deg sjølv?

### Vil du vere kandidat?

Ta kontakt med kyrjekontoret i soknet der du bur.

## Sett preg på di kyrkje

Vil du vere med i  
soknerådet?





# 13.–14. september 2015 er det kyrkjeval

Vil du vere ein av kandidatane  
når nytt sokneråd skal veljast?

## Kva gjer soknerådet?

Soknerådet leier verksemda i kyrkjelyden der du bur. Som medlem i soknerådet kan du ha stor innverknad på dei lokale oppgåvene og utfordringane i di kyrkje. Arbeidet i kyrkjelyden spenner over mange tema – mellom anna miljø og rettferd, gudsteneste, musikk, misjon, barne- og ungdomsarbeid, i tillegg til jus og forvaltning av økonomien. Her er nokre eksempel på ansvarsområda til soknerådet

- Trusopplæring blant døpte mellom 0–18 år
- Diakonal teneste (omsorgtenesta i kyrkja)
- Gudstenester
- Kyrkjemusikk
- Ofringar
- Utleige av kyrkja
- Samarbeid med frivillige
- Langsiktig planlegging av arbeidet i kyrkjelyden

## Kven er med i soknerådet?

Ulike menneske med ulike meiningar samlar seg om å gjera kyrkja tydeleg, synleg og relevant i lokalsamfunnet. Det er 4–10 medlemmer i kvart sokneråd. Dei har ulik utdannings- og yrkesbakgrunn og mange er aktive på andre arenaer i lokalsamfunnet. I tillegg deltek presten fast på rådsmøta.

## Kva krevst av meg?

For å kunne stille til val må du vere medlem av Den norske kyrkja, altså døypt, og du må minst fylla 18 år i år. For at veljarane skal få vite mest mogeleg om kandidatane må du fortelje kven du er når det gjeld arbeidserfaring og interesser. Det er også viktig at du seier tydeleg frå om kva saker og arbeidsområde du vil prioritera i kyrkjelyden din.

## Kor mykje arbeid inneber dette?

Sokneråda møtest 2–5 gonger i halvåret; det varierer etter kor stor kyrkjelyden er, og kva saker rådet for tida er opptekne med. Dei aller fleste som sit i eit sokneråd, opplever at vervet ikkje krev mykje av fritida deira; dei fleste nyttar mindre enn ein time i veka på vervet. Medlemmene er valde for fire år.

## Kan eg gjere ein skilnad?

Som medlem i soknerådet kan du fremja dei sakene du sjølv synest er viktige, og på den måten påverke utviklinga i lokalsamfunnet ditt. Du kan involvera deg på felt som du har erfaring med eller interesserer deg for. Ei undersøking blant soknerådsmedlemmer viser at eit stort fleirtal både trivst og opplever det som meningsfylt å sitja i soknerådet. 85 prosent av rådsmedlemmene synest vervet var meir eller om lag så tilfredsstillande som dei hadde forventa.

## Framleis i tvil? Her har du ti gode grunnar for å seia ja:

1. Du medverkar til å halda lokalkyrkja levande
2. Du vert ein del av eit kristent fellesskap
3. Du gjer ein viktig jobb for fellesskapet
4. Du kan syta for eit trygt og godt fritidstilbod for born og unge
5. Du får innblikk i og påverkar dei demokratiske prosessane i kyrkja
6. Du får eit nytt nettverk i lokalmiljøet ditt
7. Du kan syta for at di kyrkje er ei open og inkluderande kyrkje
8. Du pregar aktivitetstilbodet i nærmiljøet ditt
9. Du får nyttig styreefaring som du kan bruka i andre samanhengar
10. Du kan oppdage nye sider ved deg sjølv